

Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
89/11	Plan- og miljøutvalet	11.05.2011
69/11	Formannskapet	12.05.2011

Konsesjonssøknad kraftforsyning Troll A - Svar på instilling frå NVE

Saka går til uttale i plan og miljøutvalet
Saka skal avgjerast endeleg i formannskapet

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Lindås kommune viser til fellesuttale til BKKs søknad om 300 kV kraftline for Kollsnes-Mongstad, for kommunane Øygarden, Radøy, Austrheim og Lindås.

Lindås kommune vil trekke fram at ein ved å velje alternativet Kollsnes som utgangspunkt for kraftforsyninga til Troll A, vil redusere kostnadene til anlegget med omkring 300 millionar. Kommunen ber om at dette vert sett i samanheng med omsøkte 300 (420) kV kraftline Mongstad-Kollsnes, og at den økonomiske gevinsten ved å legge sjøkabelen frå Kollsnes vil kunne rettferdiggjere kabling av heile strekninga mellom Kollsnes og Mongstad.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 11.05.2011

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mor 1 røyst (S.Hauge-Ap)

Uttale i Plan- og miljøutvalet - 11.05.2011

Rådmannen sitt framlegg er vedteke.

Handsaming i Formannskapet - 12.05.2011

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

Uttale i Formannskapet - 12.05.2011

Lindås kommune viser til fellesuttale til BKKs søknad om 300 kV kraftline for Kollsnes-Mongstad, for kommunane Øygarden, Radøy, Austrheim og Lindås.

Lindås kommune vil trekke fram at ein ved å velje alternativet Kollsnes som utgangspunkt for kraftforsyninga til Troll A, vil redusere kostnadene til anlegget med omkring 300 millionar. Kommunen ber om at dette vert sett i samanheng med omsøkte 300 (420) kV kraftline Mongstad-Kollsnes, og at den økonomiske gevinsten ved å legge sjøkabelen frå Kollsnes vil kunne rettferdiggjere kabling av heile strekninga mellom Kollsnes og Mongstad.

Saksdokument vedlagt:

Brev med innstilling frå NVE datert 31.03.11

Høringsbrev OED datert 12.03.11

Kart innstilt trasé frå Kollsnes

Saksdokument ikkje vedlagt:

Saksutgreiing:

Statoil har søkt om konsesjon for bygging og drift av to likestraumskablar og ein vekselstraumskabel med tilhøyrande landanlegg til Troll A plattformen i Nordsjøen. Søknaden har no vorte handsama av NVE og innstilling er oversendt Olje- og energidepartementet som skal gjere vedtak i saka. Lindås kommune er høyringspart og skal gi uttale i saka innan 13. mai.

NVE har innstilt på at kablane skal takast ut frå Kollsnes i Øygarden i staden for Mongstad, som var Statoils prioriterte løysing. Alternativet frå Kollsnes er kortare og om lag 300 millionar rimelegare enn alternativet frå Mongstad. Innstillinga betyr at tiltaket ikkje vil få direkte konsekvensar for Lindås kommune.

OED vil sjå denne saka i samanheng med BKK søknad om 300 kV kraftleidning mellom Kollsnes og Mongstad.

Sjå elles tidlegare behandlingar av saka.

Tidlegare behandlingar i saka:

Konsesjonssøknad Kraftforsyning Troll A Uttale

Saksdokument vedlagt:

Brev frå NVE, 06.07.10

Saksdokument ikkje vedlagt:

*Konsesjonssøknad Statoil, sjå www.nve.no/kraftledninger
eller for å komme rett inn på saka:*

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Nett/?soknad=1843&stadium=1&type=51>

Saksutgreiing:

Statoil har søkt om konsesjon for bygging og drift av to likestraumskablar og ein vekselstraumskabel til Troll A plattformen i Nordsjøen. Søknaden vert handsama av NVE, Lindås kommune er høyringspart og skal gje uttale til søknaden.

Bakgrunnen for søknaden er behov for straumforsyning til to nye prekompressorarar på Troll A plattformen. Kompressorane skal nyttast for å kompensere for lågare trykk i Trollreservoaret, slik at produksjonen kan oppretthaldast. Statoil fremjar to alternative tilkoplingspunkt i søknaden, Mongstad eller Kollsnes. Det går fram av søknaden at leveringstryggleiken vil vere best frå Mongstad og at uttak herifrå ikkje vil føre til behov for meir nettkapasitet enn det som er utbygd per i dag. Mongstad-alternativet er difor prioritert.

Det er ikkje utarbeidd konsekvensutgreiing for tiltaket. NVE har komme fram til at tiltaket ikkje oppfyller kriteria i § 4 i konsekvensutgreiingsforskrifta (om verknader for miljø, naturressursar og samfunn), og har difor ikkje sett krav til søkar om dette.

Lindås har i samarbeid med dei andre kommunane som vert råka, utarbeidd framlegg til ein felles uttale. I tillegg er det nokre tilhøve som berre gjeld Lindås, desse er med i ein separat uttale. Kommunane har fått usett høyringsfrist til 1.oktober.

Felles uttale

Lindås, Austrheim, Fedje, Radøy og Øygarden kommunar, etter dette kalla kommunane, har følgjande fellesuttale til Statoil sin søknad om konsesjon:

Kommunane har forståing for Statoil sitt behov for meir straum til Troll A og synes det er positivt med ei løysing frå Mongstad med likestraumskabel og vekselstraumskabel til Troll A. Kommunane ser vidare at ei auka straumforsyning er med å sikre auka produksjonskapasitet og fleksibilitet på feltet og at dette er faktorar som kjem samfunnet og klimaet tilgode.

Det er og viktig at dei nye leidningane ut til Troll A får god kapasitet. Dette ikkje berre med tanke på straumforsyning ut, men og høve til å levere straum til fastlandet og til andre plattformar i Nordsjøen. Dette kabelnettet bør og kunne brukast ved ei eventuell seinare utbygging med vindmøller til havs. Troll A kan bli eit knutepunkt i høve straumforsyning på denne delen av sokkelen og til fastlandet.

Kommunane støttar Statoil ASA om Mongstad som alternativ 1 i høve tilknytingspunkt.

Det er viktig å ta stilling til føreliggjande søknad, men kommunane vil peike på samanhengar og konsekvensar for andre område og tiltak i regionen.

Det ligg føre ein søknad om ny 420 kV linje frå Mongstad til Kollsnes for å betre straumforsyninga til Kollsnesanlegget med tilhøyrande produksjonssystem. Dersom tilknytingspunktet vert Mongstad vil kommunane be NVE om å utgreie følgjande:

Det må gjerast ei vurdering om 420 kV linje Mongstad - Kollsnes framleis er naudsynt, og om det i så fall er nok med eit lågare spenningsnivå på Mongstad- Kollsnes. Dette med bakgrunn i at eit lågare spenningsnivå er lettare og rimelegare å kable og såleis meir samfunnsøkonomisk lønsamt.

Kommunane ber om at denne høyringsuttalen vert tatt omsyn til i handsaminga av konsesjonssøknaden for linja Mongstad – Kollsnes.

Sjøområda kring kommunane våre har etterkvart eit omfattande leidningsnett både av rørsystem og kraftkablur. Det er viktig at ein har ein overordna plan for kvar framtidige trasear skal liggje og samlokalisera desse i størst mogeleg grad, slik at ein unngår konflikstar med til dømes fiskeriinteresser ved nye etableringar. Ut over dette har kommunane ikkje merknadar til søknaden frå Statoil ASA og stiller seg bak den.

Separat uttale Lindås

Søknaden manglar kart som viser ilandføringspunkt og trase på land på Mongstad. Det går fram av søknaden at det må gjerast detaljavklaringar med kommunane om dette. Det er vanskeleg for Lindås å gje uttale til dette ettersom vi manglar opplysingar i saka.

Kraftleidningar er unnateke handsaming etter plan- og bygningslova og kommunen har difor ikkje andre høve til å vurdere saka enn gjennom uttale til konsesjonssøknaden. Kommunen føreset at traseen som vert vald er i samsvar med gjeldande reguleringsplanar og kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad.

Det er etter kvart mange leidningar og rør både på sjø og land knytt til Mongstad og det er vesentleg at handsaminga av ein enkelt leidning vert sett i samanheng med arealbruken totalt sett.

Vurdering av miljøkonsekvensar:

NVE har vurdert at søknaden ikkje treng konsekvensutgreiing. Ettersom leidningen på land mest sannsynleg vil gå i område som alt er utbygd med industri, har ikkje Lindås kommune merknader til dette.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Lindås kommune sluttar seg til fellesuttalen til søknaden frå Austrheim, Fedje, Lindås, Radøy og Øygarden. I tillegg etterspør Lindås kommune detaljavklaringar på ilandføringspunktet og trase på land på Mongstad.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 29.09.2010

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 29.09.2010

Rådmannen sitt framlegg er vedteke.

Vurdering:

Administrasjonen meiner at innstillinga frå NVE i stor grad utløyser eit behov for kraftleidning mellom Kollsnes og Mongstad, og at eventuelle innsparingar knytt til val av trasé for sjøkabelen til Troll A må utløyse meir kabling av traseen Kollsnes-Mongstad.

Vurdering av Troll A kablar frå fellesuttalen:

"Kommunane meiner at når det gjeld søknaden frå Statoil ASA om konsesjon for nye sjøkablar frå Mongstad eller Kollsnes til Troll A-plattformen så må det gjerast ved sjøkabel enten frå Mongstad eller Kollsnes. Kommunane har forståing for Statoil sitt ynskje om sikring og forsterking av straumforsyninga til Troll A. Dette kabelnettet bør og kunne brukast ved ei eventuell seinare utbygging med vindmøller til havs. Troll A kan verta eit knytestpunkt i høve straumforsyning på denne delen av sokkelen og til fastlandet.

På bakgrunn av at søknaden frå Statoil ASA skal sjåast i samanheng med søknaden til BKK om 300 kV kraftline, vil kommunane peike på at dersom Kollsnes vert innstilt som alternativ, vil ein i forhold til alternativet med Mongstad redusere kostnadene med omkring 300 millionar. Kommunane meiner at denne innsparinga opnar for at dei reduserte kostnadane her kan brukast til å få til kabling av heile traseen Mongstad-Kollsnes. Ved å velje Kollsnes som alternativ utløyser ein eit behov for meir stabil kraftforsyning med tanke på den i dag sårbare kraftforsyninga til Øygarden. Kommunane meiner at dette må sjåast i samanheng, og at NVE ved å innstille på Kollsnes som alternativ på same tid utløyser eit meir akutt behov for kraftlina Mongstad-Kollsnes. Statoil ASA har i utgangspunktet lagt til grunn at dei ynskjer alternativet med Mongstad, grunna usikkerhet knytt til når ei kraftline mellom Mongstad og Kollsnes vil stå ferdig. Sidan det er NVE som ved val av Kollsnes utløyser denne "tidsknipa" i forhold til Statoils planlagde oppstartstidspunkt, meiner kommunane ei eventuell innsparing skal komme kommunane til gode gjennom avsetting av meir midlar til kabling. Slik kommunane ser det, står ingen av prosjekta i fare for å bli ulønsame grunna kabling, då omsøkte kraftline mellom Mongstad og Kollsnes vert omtala som "svært lønsam" av NVE."

Lindås kommune har utover dette ingen merknader til innstillinga frå NVE.